



Innkomen sak til årsmøtet til Hafslo IL torsdag 13.februar 2020, med styret sitt framlegg til vedtak:

Sak 11 d: Legge til rette for freeski-aktivitet i Hafslo IL

Saksutgreiing:

Det har kome innspel om å legge til rette for freeski-aktivitet i Hafslo IL. Sogn Skisenter har dei siste åra lagt til rette for freeski-aktivitetar. Det er opplyst at det er fleire born og ungdom som ikkje er med på anna aktivitet i Hafslo IL som driv med denne aktiviteten.

Freeski er ei veksande idrettsgrein som ligg under Norges Skiforbund. Styret i Hafslo IL er positive til å legge til rette for denne aktiviteten i idrettslaget, då vi ser at dette kan bidra til aktivitet for fleire born og unge i bygda.

Alpingruppa har sagt seg villeg til å ta freeski inn under si gruppe, mot at dei får ein kontaktperson for denne aktiviteten inn i styret.

Ellen Sophie Wangensteen Fredheim har sagt seg villeg til dette.

Styret i Hafslo IL er positive til å legge til rette for freeski som eit tilbod for born og unge på Hafslo. Men då det er noko uklart kor mange som vil vere med mm., tykkjer vi det er eit godt forslag at aktiviteten vert lagt inn som ein del av Alpingruppa i første omgang. Alpingruppa og kontaktpersonen for freeski i styret, må kartlegge interesse i denne og komande sesong, og så må vi evaluere etterkvart. Dersom Hafslo IL skal bidra økonomisk må dei som ønskjer å drive med freeski melde seg inn i Hafslo IL, og styret må i oppstartsåret ha ein dialog med hovudstyret om aktivitetar, utgifter mm. Det må også forventast at gruppa jobbar for å skaffe seg inntekter slik som andre særgrupper. Dersom det er behov for økonomisk støtte, må det sendast inn søknad til hovudstyret om dette på vanleg måte. Hovudstyret er positive til å kunne støtte ein slik aktivitet i oppstartsfasen.

Styret si innstilling til vedtak på årsmøtet 13.februar 2020:

Styret i Hafslo IL er positive til å legge til rette for freeski som eit tilbod for born og unge på Hafslo. Aktiviteten vert inntil vidare lagt under Alpingruppa med eigen kontaktperson i styret. Alpingruppa og kontaktperson for freeski må ha ein tett dialog med hovudstyret om innmelding av medlemmer, aktivitetar, innkjøp av utstyr mm. i oppstartsfasen. Dersom det er behov for økonomisk støtte, må det sendast inn søknad til hovudstyret om dette på vanleg måte. Aktiviteten vert fortløpande evaluert, og det vert fortløpande evaluert om det er grunnlag for å opprette eiga særgruppe for freeski i Hafslo Idrettslag på komande årsmøte.

Luster Sparebank 

 **AVERY
DENNISON NTP**

 **INTERSPORT®**
SOGNDAL